

8. Handlingsplan

HANDLINGSDEL AV KULTURMILJØPLAN 2025 – 2029

FOR BREMANGER KOMMUNE

Dette dokumentet utgjer handlingsdel av Kulturmiljøplan for Bremanger kommune. Handlingsplanen viser eksempel på kva tiltak ein meiner har stort potensiale innan kulturformidling og næringsutvikling ulike stader i kommunen.

Handlingsplanen gjeld tiltak som ein tek sikte på å utføre siste 4-årsperiode etter vedtak av planen. Handlingsplanen skal rullerast kvart år og samordnast med kommunen sin økonomiplan. Handlingsdelen legg til grunn mål og strategiar for Bremanger kommune sitt arbeid for kulturmiljøvern omtala i kap. 7. Tiltaka har ikkje prioritert rekkefølge.

Revisjon / saksgang	Dato
Siste revisjon av planforslaget	
Kommunestyret si godkjenning av planen	
Siste revisjon/rullering av Handlingsplanen	

Forkortinger:

BK= Bremanger kommune, KK= Kulturkontoret, FK= Fylkeskommunen, SN= Sogenemnda, TK= Turistkontoret, SK= Servicekontoret, Teknisk etat = TE

1.0 INFORMASJON

NR	TILTAK	Tidsrom	Ansvar gjennomføring
1.1	Lage ein artikkel til Bremanger si heimeside med oversikt over alle kulturminne med informasjonstekst, foto, kart.	2025-2027	Under utvikling KK
1.2	Skilte alle aktuelle kulturminne i kommunen (iht. Liste i vedlegg) Andre døme: Byte frå Gamlevegen til Nikolai Astrups veg. Skilte kvar ein kan observere hjort (frå bilen). Skilte fossar, utsiktspunkt, og liknande.	2025-2029	KK
1.3	Legge ut informasjon til eigarar av kulturminne på kommunen sin nettside; søknadsfristar, tilskotsordningar, (inngår i punkt 1.1)	Igang-verande	KK
1.4	Registrere fleire kulturminne og legge inn med foto i kulturminnesok.no (for steingardar, ferdsselsvegar)	Igang-verande	KK
1.5	Sette opp informasjon om historia og betydning om vetane på Veten.	2025-2026	KK

2.0 FORMIDLING

KULTURMILJØPLANEN VISER Bremanger si eineståande historie med gamal og ny ferdsel og busetnad langs kysten. Dette er kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap som har eit stort potensiale som ressurs i samfunnsutviklinga. Skulevesen, næringsliv, reiselivsbransjen og kultursektoren kan hente av denne gullgruva og skape unike opplevingar for fastbuande og tilreisande. Våre kulturminne har lokal, nasjonal og internasjonal interesse.

Følgande viser forslag innan dei ulike kulturminnene, og vil vere utgangspunkt for prioritering.

NR	TILTAK	Tidsrom	Ansvar gjennomføring
2.1	FORNMINNER		
2.1.1	<p>Vingenserteret</p> <ul style="list-style-type: none"> - Søke verdsarvstatus for Vingen - Forprosjekt (PLP) <p>MÅL: Å utvikle ei historisk formidlings- og opplevelsessenter med bakgrunn i vår unike plassering i ferdsselsåra på havet.</p> <p>Formidling av ulike aspekt ved historia frå steinalder og vikingtid til i dag. Vi kan nemne:</p> <p>Kultstaden Vingen med helleristningane, Busetnad i Skatstraumen, Runesteinane på Lisje Hennøya, Hornelen si magiske rolle</p>	Sjå prioriterte tiltak s. 6, Besøkssenter.	KK
2.1.2	<p>Frøysjø-katedralen i Botnane</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bronsealder med gravene - Botnane etter istida <p>Arkitekteinningar er klare. Tomt integrert i kommunedelplan for Botnane i 2014.</p>	Sjå prioriterte tiltak s. 6, Besøkssenter.	Botnane og Årebrot grändalag
2.1.3	<p>Berserksenter i Berle</p> <ul style="list-style-type: none"> - Forprosjekt <p>MÅL: Skaffe antikvarisk kompetanse og kartlegge fleire funn frå jernalder og vikingtid i Berle.</p> <p>Utvikle eit formidling- og opplevelsessenter med utgangspunkt i:</p> <p>Berlekåre og sònene si historie og rolle i Harald Hårfagre sine kampar.</p> <p>Berlekåre sine etterkommarar på Islan (Egil Skallagrimson).</p> <p>Skarsteinskipet, restar etter skipskjøl funne på Gotraneset i Berle, frå 700-talet.</p> <p>Gravfunna i Berle.</p>	Sjå prioriterte tiltak s. 6, Besøkssenter.	KK
2.2	SAKRALE KULTURMINNE/KULTURLANDSKAP	Tidsrom	Ansvar gjennomføring

2.2.1	Grotle gamle gravstad: Etablere tilkomst og parkering til gravstaden.	2025 Parkering BARK-midlar mottatt	KK
2.2.2	<p>Service- og formidlingssenter på Grotle: MÅL: I samarbeid med bygging av nytt servicebygg inkludere ein formidlings- og opplevingsdel som viser mellom anna:</p> <p>Grotle som geistleg eigedom og Herra Sækr si etablering av Grotle gamle kyrkjegard og Grotle mellomalderkyrkje.</p> <p>Hente inn gjenstandar frå kyrkja (altermatavla og søyler, kyrkjemodellen, samt brudepynt (Rylandspynten) og dåpspynt.</p> <p>Samle og visualisere dei ulike historiene knytt til kyrkjeferd, skjenkestover, gapestokk, drukningsulykker og liknande.</p>	<i>Sjå prioriterte tiltak s. 6, Besøkssenter.</i>	Satt på vent.
2.2.3	<p>Krigsminne: Minne knyt til lokal deltaking i krig og krigsliknande tilstand, samt anlegg, enkeltminne og lause minne. Hovuddelen av desse anlegga er frå 2. verdskrig. I 2025 er det 80 år sidan krigen vart slutt, det bør markerast med at vi får ein plan for ivaretakelse og vidare bruk.</p> <p>Velje et prioritert fort som ivaretakast (Tongane) og fårt tydeleggjort eit formål for bruk.</p> <p>Inkludere historia til Shetlandsfarten og Bård Grotle i Shetlandsgjengen.</p> <p>Motstandsørsla med radio, bygningar og holar skiltast frå veggen og plakett med historia på staden.</p> <p>Gje 10. klasse fast tur til Shetland, for å erfare/lære om lokal krigshistorie gjennom Den kulturelle skulesekken.</p>	<i>Sjå prioriterte tiltak s. 6, Besøkssenter.</i>	KK
2.2.4	Kulturlandskap Menneskeforma landskap som inneholdt økologiske, biologiske og kulturhistoriske element. Døme: Område med gammal slåttemark. Steinmurar. Klyngehus (miniaturhus frå «Der våra bryt»). Dyrehald. Kulturlandskapet omfattar også strukturar om er gjøymde under jordoverflata.	<i>Sjå prioriterte tiltak s. 6, Besøkssenter.</i>	KK
2.3	KYSTKULTUR	Tidsrom	Ansvar gjennomføring
2.3.1	<p>Kystkulturen Formidle Bremanger kommune si fiskeri- og foredlingshistorie.</p> <p>Ta i bruk Kalvøya og utvikle den som eit opplevingsområde for fiskeri-, fangst-, foredlings- og frakt før og i dag.</p> <p>Formidle historia om Fiskholmen frå 1871. Fiskeri- og handverkstradisjonar.</p>	<i>Sjå prioriterte tiltak s. 6, Besøkssenter.</i>	

2.3.2	Å VERE PREST I FISKEVÆR Ta i bruk prestegarden i Kalvåg for formidling og oppleveling av levesett og daglegliv med utgangspunkt i dagboka til Koren. Ulrik Koren var den første presten i Kalvåg. (Prestegarden blir lagt ut til sal våren 2025). Nikolai Astrup sin fødestad, og formidle hans liv og kunst. Deler av bustad gjort om til kunstnarbustad. Finne utstillingsplass til dei 2 originaltrykk gitt til prestegarden av Astrup-familien etter krigen.	Sjå prioriterte tiltak s. 6, Besøkssenter.	
2.4.0	PRIMÆRNÆRINGA	Tidsrom	Ansvar gjennomføring
2.4.1	Bruke Myklebustsetra og andre setre aktivt. I UNESCO-nominasjonen har Norsk Seterkultur definert: Seter - det fysiske Seterdrift - drift med melkeproduksjon - men ingen nedre grense på volum. Seterkultur - alt som stammer frå seterkultur, song, historier, kunnskap, oppskrifter osv. Registrere aktuelle steingardar og lage naturstiar. (Kven har Bremanger sin lengste ... steingard?) Samle og formidle gamle matoppskrifter og matttradisjonar. Bruke og formidle gamle stadnamn. Halde i hevd gamle handverksteknikkar knytt til gards- og hushaldstradisjonar. Samle inn og formidle kunnskap om jordbruksreiskap og jordbruksstradisjonar. Hjortejakta som matauk og næring. Dyrehald og særtrekk.	Sjå prioriterte tiltak s. 6, Besøkssenter.	
2.5.0	INDUSTRIMINNER	Tidsrom	Ansvar gjennomføring
2.5.1	«SMELT», ei industrihistorie. Etablere eit visnings- og opplevingssenter for kraft- og industriutviklinga i Bremanger kommune.	Mogleg i neste periode (2029-2033)	
2.6.0	IMMATERIELLE KULTURMINNE	Tidsrom	Ansvar gjennomføring
2.6.1	Ord og uttrykk frå Bremanger	Sjå prioriterte tiltak s. 6, Besøkssenter.	
2.6.2	Støtte lokale formidlings- og opplevingstiltak basert på den immaterielle kulturarven, til dømes ved Musikkteater «Bella og Solla og Per», Diktarsti i Botnane, Historisk vandring Hornelen, Furulunden og historia om diktarpresten Claus Frimann, «Minne om Maria, ein hyllast til kystkvinnna,» Rylandspynten,	Sjå prioriterte tiltak s. 6, Besøkssenter.	

	«Heimen» (dokumentarfilm om fråhaldsrøyrsla i Bremanger). Med meir.		
--	--	--	--

3.0 BREMANGER KOMMUNE SI FORVALTNING SOM PLANMYNDE

NR	TILTAK	Tidsrom	Ansvar gjennomføring
3.1	Samkøyre kulturminne, kulturmiljø og omsynssoner i kart og arealplanen, plan- og byggesaka. Det vere seg naturreservat, omsynssoner, KULA-område, SEFRAK-bygg, og liknande.	2025-2029	KK
3.2	Landbruk, natur og kulturminne samarbeida om forvaltning av SMIL-tilskot. Gjelder tilskot til tiltak som fremmer natur- og kulturverdiane i jordbruks kulturlandskap og reduserer forureining frå jordbruket.	2025-2029	KK
3.3	Gjere tiltak for at husa i Svelgen, som er bevaringsverdige, blir ivaretatt iht. Reguleringsplan 19.06.01. Villabakken, Øyratunet.	2025-2029	KK
3.4	Utarbeide omsynssone rundt funksjonærbusstasjonane i Ålfoten.	?	

4.0 BREMANGER KOMMUNE SI FORVALTNING SOM EIGAR

NR	TILTAK	Tidsrom	Ansvar gjennomføring
4.1	Søke verdsarvstatus for Vingenfeltet som vertskommune.	-	
4.2	Ferdigstille allmennsoga for Bremanger.	2025	KK SN
4.3	Innvolvere regionalt kvalifisert handverkar/rådgjevar for bygningsvern i lokale saker	2025-2029	KK
4.4	Innhente vurdering frå Fylkesantikvar om å hente ut og sikre runesteinane på Lisje Hennøya	2026	KK
4.5	Søke fylkesantikvaren om kartlegging av fornminne i Berle, Skatestraumen, m.fl..	2025-2029	KK
4.6	Sikre at Bremanger kommune sin grafiske profil brukast i utforming av skilt og liknande.	2025-2029	KK
4.7	Utdanne og tilsette faste guidar i fleire bygder.	2025-2029	KK
4.8	Sikre og skilte gravstader som historiske minnesmerke (Botnane, Frøya, Rugsundøy, Ålfoten, m.fl.). Tilbakeføre gravstøtter til Ålfoten.	2025-2029	KK
4.9	Ferdigstille tilkomst og parkering på Grotle gamle gravstad.	2025-2026	KK
4.10	Ferdigstille skilting, tilkomst og tilbakeføring av gravstøtter på Rugsundøy gravplass.	-	
4.11	Digitalt arkiv for kunsten som er i Bremanger kommune sin eige.	2025-2029	KK

5.0 HJELP TIL SJØLHJELP OG SAMARBEID

NR	TILTAK	Tidsrom	Ansvar gjennomføring
5.1	Markere dei årlege kulturminnedagane.	2025-2029	KK
5.2	Gje rådgjeving og hjelp til eigalarar av kulturminne til å søke støtte til restaurering frå Kulturminnefondet og andre.	2025-2029	KK
5.3	Etablere kommunal tilskotsordning for verdifulle kulturminne.	2025-2029	KK
5.4	Støtte lokallag i arbeid med å utvikle presentasjonar på ulike måtar for lokale kulturminne. Til dømes Diktarstien i botnane, Kyrkja i Ålfoten, Claus Frimann si historie på Davik	2025-2029	KK

PRIORITERTE TILTAK I ØKONOMIPLANPERIODEN 2025-2029

Tiltak som er planlagt gjennomført i perioden 2025 – 2029. Tiltaksplanen vert rullert årleg (unntak for haust 2024 og vår 2025).

(Beløp oppgjeve i 1000 kr)

NR	TILTAK TIL INVESTERING	2025 Kostnad	2026 Kostnad	2027 Kostnad	2028 Kostnad	2029 Kostnad
1.1 1.2 4.9	Skilte aktuelle kulturminne, -miljø og -landskap i kommunen. Felles profil, skiltplan. Skiltplan, gjennomføring. Sjå til at vi gjer informasjon om attraksjonar tilgjengeleg.	130	130	130	130	130
2.2 4.9	Grotle gamle gravstad. Parkering og ny tilkomst. Det er søkt om Barkmidlar i 2025. Kommunen vil måtte betale halvparten.	Tilkomst 580 (Fått BARK- midlar 215)	Parkerings 650 -	Vedlikehald 50 -		
2.1.1 2.1.2 2.1.3 2.2.2 2.2.1 2.3 2.4 (2.5) 2.6	Besökssenter – Historia om menneske, landskapet og kulturen i Bremanger kommune. Eit besökssenter i Bremanger kommune vil sette fokus på formidling og forståing av lokale kulturminne ved å gjere dem meir tilgjengelege for både innbyggaren og tilreisande. Det vil bidra til å bevare og levandegjere historia gjennom utstillingar, aktivitetar og informasjon. Senteret vil også skape nye moglegheiter for berekraftig	30	250	2000	2000	2000

	turisme og lokal verdiskaping knytte til kulturarv.					
4.2	Sogenemnda - Allmennsoga for Bremanger. Band 2: Frå 1945 til i dag. Publiserast november 2025.	450	-	-	-	-
2.2.3	<p>KRIGSMINNE 100 år.</p> <p><u>I. Utforme ein plan</u> for vedlikehald og bruk av krigsminne i Bremanger kommune fram mot 100-årsjubileum i 2035.</p> <p><u>II. Tongane:</u> Renovere bygg. Avklare avtale med grunneigar. Oppgradera stien.</p> <p><u>III. Motstandsrørsla:</u> Snowflake + Roska + Shetland +++</p>	-	500	500	500	500
3.3	Gjere Øyratunet klar for bruk ved å installere avløp, vann, kjøkenkrok og toalett. Etablere rutinar for å rydde kratt og busker rundt huset. Utforme plan for bruk.	-	2000	-	50	-
4.1	Digitalt arkiv for kunsten i Bremanger kommune sitt eige.	-	19	19	19	19